



Leiar Haldor Tveit under øvinga i kveld saman med Svein Rimestad som ikkje minst er kjend som ein dyktig tekstforfattar

uskedalen.no har fått reaksjonar mot at jubileumskonserten til Røysterrett for alle laurdag kveld vert avvika i Kulturhuset på Husnes og ikkje i Uskedalen der koret vart stifta og framleis har sin øvingsstad og base. Det vert mellom anna sagt at koret gjerne må halda konsertar i andre bygder men at det burde markerast med konsert i opphavsstaden når koret no skal feira sine fyrste 25 år. Vi har lagt fram kritikken for leiar i jubileumsåret Haldor Tveit under øvinga i Helgheim i kveld og han har denne kommentaren:

- Eg har full forståing for synspunktet og vi drøfta om vi skulle satsa på Uskedalen eller Husnes som konsertstad, men det var spesielt to grunnar til at valet vart Husnes.

Den eine grunnen var omsynet til gjestekoret vårt ved dette høvet, som er Strupebandet frå Halsnøy.

Den andre grunnen var ei tru på at det kjem fleire og høyrer på oss når konserten blir på Husnes.

Ikkje minst den store konserten vi hadde der i fjor haust og som samla eit stort publikum gjer at vi trur på eit godt frammøte, betre enn det truleg ville vore i Uskedalen, svarar Tveit.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen